



## Om søker

### Søker

**Namn på verksemd** MEMOAR  
**Org.nummer** 915636926  
**Type verksemd** Organisasjon

### Adresse

v/ Bjørn Enes, Nordbøveien 16  
5009 BERGEN

### Kontaktperson

**Namn** Bjørn Enes  
**Telefon** 41516745  
**E-post** bjorn.enes@memoar.no

### Nettside

[www.memoar.no](http://www.memoar.no)

### Konto for utbetaling av tilskudd

36334187769

## Om prosjektet

**Saksnummer** 2016/895  
**Namn på tiltak/  
prosjekt** Memoar - Utvikling av munnleg historie i Hordaland  
**Hovudmålgruppe  
for prosjektet** Alle

### Kvar og når?

**Geografisk  
nedslagsfelt for  
tiltaket/prosjektet** Heile Hordaland



<b>Oppstartsdato</b>	01-09-2016
<b>Ferdigstillast</b>	31-12-2017
<b>Type prosjekt</b>	hovudprosjekt
<b>Kommentarar til gjennomføringa</b>	Den ideelle organisasjonen Memoar vart stifta i juli 2015 med formål å "fremje ein kultur for å ta vare på og dele munnlege forteljingar om levd liv". Perioden fram til juni 2016 har fungert som eit aktivt forporsjekt. Me ynskjer no å starte eit hovudprosjekt, og ser ikkje bort frå at det kan bli lenger enn eitt år. Men for ikkje å binde oss til "skrivebordsplanar", vil me kome attende til spørsmålet om eit evt. andre og/eller eit tredje år når me ser framdrifta i resten av 2016 og 2017.
<b>Omsøkt</b>	
<b>stønadsperiode</b>	
	1 år

## Innhald i prosjektet

### Sjanger og form

<b>Sjanger</b>	Anna Med "anna" menes Utvikling av infrastruktur, kompetanse og organisering av "oral history" / munnleg historie i Hordaland  Kulturminne Kulturformidling Museum
<b>Form</b>	utvikling

### Om prosjektet

Me ynskjer å frikjøpe arbeidstid for ei eller ei lita gruppe ildsjeler som skal drive fram initiativ og samarbeid med offentlege verksemder (bibliotek, arkiv, museum, skular, akademia), private verksemder (stiftingar og fond, bransje- og næringsorganisasjonar, fagrørsla, kulturnæringar) og det frivillige organisasjonslivet (Memoar, kyst- og sogelag, folkeakademi, andre kultur- og fritidsorganisasjonar) om infrastruktur, kompetanse og organisering på området munnleg historie (oral history) i Hordaland.

### Målsetting med prosjektet

Infrastruktur: Intervjustudio i flest mogleg bibliotek. Løysing for arkivering av munnleg historie frå heile Hordaland. Publiseringskanal som gjer det mogleg for alle som ynskjer det å publisere/dele sine forteljingar.

Kompetanse: Lage og tilby eit innføringskurs om bruken av infrastrukturen og eit grundigare kurs for profesjonelle og aktive i kulturorganisasjonar. Utvikle og formidle ny kunnskap om etikk, forvaltning av rettar, dokumentasjon, arkivering og bruk av munnleg historie. Samle og dele informasjon om finansiering av nye prosjekt.

Organisasjon: Starte tematiske minneinnsamlingar saman med andre. Bygge nettverk gjennom møter, seminar og opne arr. om munnleg historie. Knytte og formidle internasjonale kontaktar. Bygge opp Memoar



## Programområde

**Kva programområde fell prosjektet inn under?** A: Formidling og deltaking  
B: Samordning og samhandling

**Grunngjeving** Det trengst eit krafttak for å få kultursektor, organisasjonsliv og næringsliv i Noreg til å begynne å ta vare på og bruke munnlege kjelder og kulturuttrykk. Me er den fyrste generasjonen som kan leggje etter oss munnlege forteljingar i massomfang. Slik kan me invitere "alle" til å ta del i utforminga av den store forteljinga om vår tid.

## Budsjett

### Søknadssum til Hordaland fylkeskommune

NOK 250 000

### Utgifter

<b>Utgift</b>	<b>Beløp</b>
Utvikling av infrastruktur	110 000
Kompetanseutvikling	80 000
Utvikling av organisasjon	60 000
Produksjonsprogram - minneinnsamlingar	586 000
Produksjonsprogram - andre prosjekt	345 000
<b>Totale utgifter</b>	<b>1 181 000</b>

### Inntekter

<b>Inntekt</b>	<b>Beløp</b>
Søknad - Kulturelt Utviklingsprogram HFK	250 000
Søknader - Produksjon av minneinnsamlingar	298 000
Eigeninnsats - produksjon av minnesamlingar	288 000
Støtte frå Norsk Kulturråd og Bergen Kommune til kursutvikling	85 000



Søknader -produksjon av formidlingsløysingar	150 000
Eigeninnsats - produksjon av formidlingsløysingar	110 000
<b>Totale inntekter</b>	<b>1 181 000</b>

### Kommentarar til budsjett

Vedlagt budsjett er delt i to for å synleggjere at me søker KUP-midler til utvikling av infrastruktur, kompetanse og organisasjon på feltet munnleg historie (oralhistory) i Hordaland. Me søker ikkje KUPmidler til produksjonsprogrammet, sjølv om produksjon, dokumentasjon, lagring og formidling heng uløseleg saman med utviklingsprosjektet. Me har delt budsjettet i to for å tydeleggjere dette skilet, og for å vise at me legg inn ein stor eigeninnsats totalprosjektet. (Me har brukt tal frå "best case-versjonen" av produksjonsprogrammet)